

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 05.09.2017
SAKSHANDSAMAR: Trine Vingsnes
SAKA GJELD: **Mandat for prosjekt prehospitale tenester**

ARKIVSAK: 2013/2681
STYRESAK: **068/2017**

STYREMØTE: **12.09.2017**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek utkast til mandat for fase ein i prosjekt prehospitale tenester til orientering og ber om å få jamlege løypemeldingar frå prosjektet.

Oppsummering

Med god involvering frå kommunar, brukarar, tillitsvalde og verneteneste er det utarbeidd eit utkast til mandat for første fase av prosjekt for prehospitala tenester i Helse Førde. Denne fasen skal avklare prinsipp, premisser og rammevilkår som skal leggast til grunn i detaljering av modellar i neste fase. Mandatet skal vedtakast i programstyret for Pasientens helseteneste.

Fakta

Styret i Helse Førde har bedt administrasjonen gjennomføre ein prosess for det samla prehospitala området, tilpassa den økonomiske ramma. Det er vidare gjeve tilslutnad til at prosessen blir gjennomført i tre fasar:

1. Haust 2017: Etablere prosjekt – forankring internt og eksternt 5 månader: Avklare prinsipp, premisser og rammevilkår.
2. Vår 2018: 5 månader: Detaljering av modellar
3. Haust 2018 – 2019 12- 36 månader: Implementering av vald modell

Ei gruppe sett saman av representantar frå kommunar, brukarar, tillitsvalde, verneteneste og leiinga i Helse Førde har, med hjelp av ekstern konsulent frå PWC og kommunikasjonsavdelinga i Helse Førde, utarbeidd eit utkast til mandat for første fase. Ein har også arbeidd med interessentanalyse og kommunikasjonsstrategi.

Dette prosjektet er del av programmet Pasientens helseteneste i Helse Førde, og mandatet skal vedtakast av programstyret. Denne saka blir lagt fram for styret for å få innspel før endeleg vedtak.

Kommentarar

Å utarbeide og implementere ein plan for dei prehospitala tenestene er eit arbeid som må ta omsyn til økonomiske rammer, kvaliteten i tenesta og arbeidsvilkåra til dei tilsette. Arbeidet må både balansere forholdet mellom det hospitale og det prehospitala og mellom ansvaret til kommunane og Helse Førde. Planarbeidet må også ta opp i seg dei føringar som kjem gjennom forskrifter, lover og planar på regionalt og nasjonalt nivå.

Fase ein av prosjektet skal legge grunnlag for ein framtidig plan for prehospitala tenester i Helse Førde. Det er naudsynt å gjere viktige avklaringar for kva som skal leggast til grunn i det vidare arbeidet, og skape tryggleik for at neste fase kan gjennomførast på ein god og effektiv måte.

Eit godt mandat er viktig for å lukkast i prosjekt, og utarbeidinga av det er også ein viktig del av forankringa til prosjektet. Det er gjennomført tre møte før styret no blir informert, og kommunar, brukarar, tillitsvalte og vernetenesta har vore viktige medspelarar i arbeidet.

I utkastet til mandat er det lagt vekt på kva som er målet i denne fasen, og kva sluttproduktet skal vere. Vidare er det peika på kva føringar og avgrensingar som gjeld for prosjektet, og

korleis prosessen skal sikre openheit, medverknad og forankring. Det er lagt opp til ei brei involvering også i fortsetjinga, og prosjektleiinga ser det som heilt nødvendig for å lukkast. Invitasjon til deltaking i prosjektgruppe og referansegruppe vil gå ut etter styrehandsaminga.

Styret skal haldast løpande orientert om framdrifta i prosjektet, og planen er at sluttrapporten for denne fasen skal leggst fram i ei styresak i januar 2018.

Konklusjon

Utkastet til mandat for fase ein i prosjekt for prehospitala tenester, og prosessen med å utforme det, gjev eit godt grunnlag for det vidare arbeidet.

Vedlegg:

1. Utkast til mandat for fase ein prosjekt prehospitala tenester